



STÅRHEIM

barnehage



Årsplan 2010 - 2013

**eid**
INVITERER

Årsplan Stårheim Barnehage 2010-2013

Grunnlaget og rammer for arbeid i barnehagar er «Lov om barnehagar» og «Rammeplan for barnehagen».

Vi i barnehagen ønskjer alle velkommen til eit nytt barnehageår.

Stårheim barnehage stod ferdig i august 1989.

Det er Eid kommune som eig og driv barnehagen.

Barnehagen er plassert i eit byggefelt på Stårheim.

Vi har eit flott uteområde og fine naturområder i nabolaget.

Barnehagen har to avdelingar: «Humlebolet» og «Knerten».

Begge avdelingane har 18 plassar for barn mellom 1 og 6 år.

Vi har eit stabilt og godt kvalifisert personale.



VISJON OG MÅLSETJINGAR

Vener - Sjølvkjensle - Glede - Den gylne regel.

V - står for vener. Barna skal oppleve å ha vener i barnehagen.

Vi vektlegg at barna får god tid til det som er viktigast for dei; **leiken**. Det er eit grunnleggande behov for barn å få leike. Leiken er viktig for at dei skal kunne utvikle seg, der tileignar barna seg også viktige sosiale erfaringar, som t.d. samarbeid med andre, inkludere andre, innordne seg etter reglar, sjølvheving, språk- og kunnskapslæring. Det å forholde seg til andre er kanskje det viktigaste barn lærer i barndommen.

Vi skal også ha ein **open barnehage**, dvs. at vi skal arbeide slik at alle barn og vaksne vert godt kjende med kvarandre. Mange turar, samlingar og aktivitetar skal avdelingane ha felles. Barna skal kunne bruke **heile barnehagen til leik med vener, uavhengig kva avdeling barnet har plass på.**

I Stårheim barnehage legg vi stor vekt på at barna får leike ute. Vi kler oss etter vêrforholda, og jobbar for å gje barna gode opplevingar i all slags ver.

S - står for sjølvkjensle. Vi jobbar i det daglege for å utvikle kvart barn sitt sjølvbilde og gje dei ei positiv halding til eiga læreevne.

I dei daglege rutinesituasjonane vert det eit mål at alle barna skal oppleve meistring og tru på seg sjølv. Barna sine eigne initiativ og meistring av nye ferdigheiter, i leik, fysiske utfalding, spel, forming, musikk, drama m.m er også med å styrkje barna sitt sjølvbilde. Dei vaksne skal vere bevisste på at dei ser, oppmuntrar og støttar barna.

Stjernepermen. Kvart barn får sin perm som skal innehalde bilder, gullkorn og positive ting om barnet. Dette skal bli ei bok som barnet vert stolt av å syne fram.

G - står for glede. Barna skal ha kjekt i barnehagen. Vi skal ta vare på humoren i det daglege. I barnehagen finn vi ulike former for glede: i leik, song, tøys med ord, gjensynsglede, glede over meistring m.m. Dei vaksne skal vere med å syne at dei verdset barna sine "humorprodukt". Vi noterer oss gullkorn og små historier om barna og set desse inn i Stjernepermen.

D - står for Den gylne regel.

«Det du vil at andre skal gjere mot deg, skal du gjere mot dei.»

Både barn og vaksne i barnehagen skal ha ei haldning til kvarandre som er prega av tillit og tryggleik, akseptering, lytting og godt sosialt samspel. Vi vektlegg også vanleg folkeskikk som å seie hei og hade til kvarandre, takke, vere høflig og hjelpe kvarandre. Den gylne regelen vil vi også bruke i t.d konfliktløsning med barna.



Visjon:
Vi skapar gode dagar





Ein vanleg dag i barnehagen

06.45	Leik inne.
ca 8.00	Frukost for dei som har behov for det.
ca. 9.30	Dei minste går ut, kanskje nokre av dei største også. Aktivitetar /leik for dei store inne.
ca. 11.00	Rydding etter aktivitetar inne. Garderobestund, ev. lesegrupper - Handvask og pådekking
ca. 11.30	Måltid. Vi startar alltid måltidet med eit bordvers eller song.
ca. 12.00	Bleieskift og soving for dei små Uteleik for dei som ikkje søv.
ca. 14.00	Vi byrjar å gå inn. Måltid: Barna får ete etterkvart som dei kjem inn. Leik inne. Barn som ønskjer å vere lenger ute får høve til det. Av og til har vi måltid ute og leikar ute resten av dagen.
kl. 17.00	Barnehagen stenger.

MÅLSETJING I KVARDAGSAKTIVITETANE:

Rydding:	Ta vare på leikane våre. Hjelpje kvarandre. Halde orden.
Handvask:	Lære barna gode vaner med vask av hender før måltid og etter dobesøk.
Måltid:	Viktig med ein god samtale, trivsel og vanlig bordskikk som t.d. å sende til kvarandre, behandle maten skikkeleg, vente på tur og takke for maten.
Av/påkledning:	Bruke tid som trengs for at barna skal meistre dette sjølve. Her er også gode situasjonar der dei store kan hjelpe og lære dei små.
Garderobestund:	Vi samlar barn i overgangen mellom leik og måltid. Her kan vi gje informasjon/førebuing, synge, lese, ha fellesleikar m.m.
Lesegrupper:	Somme tider deler vi barnegruppa: les bøker, samtaler, sang, drama, leikar.

LEIK OG LÆRING I KVARDAGEN

Den vanlege dagen er viktig! Barna si viktigaste læring forgår i kvardagsaktivitetane, i leiken og i det sosiale samspelet med både barn og vaksne. I løpet av ein dag skal alle barna få god omsorg. Barna skal få dekkja behov for mat, drikke, kvile, merksemd, trøst, oppmuntring, ros, bli sett og høyrte, få eit fang å sitje på, bli møtt av engasjerte vaksne. Barna skal få vite kva som er akseptabelt i måten vi oppfører oss mot kvarandre. I søskengruppe med barn frå 1-6 år skjer det mykje sosial læring.

Gjennom leik og i møter med andre barn og vaksne lærer barna om korleis ein skal vere mot kvarandre. Dei vaksne skal veilede og hjelpe barna i konflikter. Barna lærer også gjennom konkrete opplevingar på t.d. turar og gjennom deltaking og meistring i kvardagsaktivitetar i barnehagen. Dei vaksne legg også til rette for læring og undring i organiserte aktivitetar som lesing, forming, musikk m.m.



Barna sin medverknad og den vaksne si rolle

- Barna har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglege verksemd
- Barna skal ha stor fridom til val av aktivitetar. Barna sine interesser skal også danne grunnlag for val av tema og aktivitetar i barnehagen.
- Barna skal jamnleg få muligheit til aktiv planlegging og vurdering

Det viktige for oss i barnehagen er ikkje fyrst og fremst tema og opplegg som personalet planlegg og gjennomfører. Gjennom observasjon og i "møter" med barna, vil vi ta barna sine idear og ønskjer med i planlegging og vurdering av aktivitetane i barnehagen. Det kan ofte vere viktig å kutte ut noko som dei vaksne har planlagt og heller ta utgangspunkt i barna sine interesser der og då. Barnet sine

synspunkt skal tilleggast vekt etter alder og modning. Vi legg vekt på at vi er imøtekommande ovanfor barna. Vi lyttar til det barnet har og seie og viser respekt for deira synspunkt. Barnet får ei forklaring på spørsmål det tek opp. Dette betyr ikkje at barnet alltid skal få gjennomslag for sine ønskjer, men dei skal oppleve at alle har lov å kome med meiningane sine, og at ein kan ha høve til å virke inn på det som skjer. Det er dei vaksne sitt ansvar for å jobbe for at alle barn får høve til å uttrykke seg. I arbeidet med dei yngste barna må personalet sjå etter, og tolke nonverbalt språk og kroppsspråk.

Ein til to gongar i året vil vi ha møter med dei eldste barna for å få fram kva dei synst om barnehagen, kva er kjekt og kjedeleg i barnehagen.

Årlege aktivitetar, turar og tradisjonar:

- Feiring av barna sine fødselsdagar. Barna kan ta med noko godt til maten. Bruk gjerne vårt forslag til bursdagsmeny, der ein del er sukkerfrie alternativ. I barnehagen får barna krone og ei «gåve»
- Kino, teater, - og rikskonsertbesøk.
- Matlaging inne og ute.
- Brannøvingar: To gongar årleg.
- Innsamlingsaksjonar. (Ikkje kvart år).
- Trafikktrening: Vi snakkar om trafikkreglar; før og ute på tur.
- Årleg besøk av fotograf
- Felles-samlingar for begge avdelingane.
- Miljøarbeid: Kompostering, brette melkekartonger, papir – og plast innsamling.
- Turar til Stårheim skule, biblioteket og bibliotekkafe, fotballbana
- Gardsbesøk, både frukt og dyr.
- Klatreturar på Mehltonet. Om lag 2 gongar i året for det eldste årskullet.
- Turgrupper: Alle dei eldste har ein turdag i veka. Dei nest-eldste har turdag annankvar veke.
- 3. kvar veke, ein dag i veka, deler vi gruppa slik: 3-åringane går tur. Skulestartarane har 5-årsklubb og dei under 3 år har Tumlergruppe.



Månadsplanar

Januar: Solfest.

Foreldrecaffi.

Februar: Karneval. Feitetysdag , vi lagar bollar med krem eller rømegraut.**Mars og april:**

Skidag i nærmiljøet.

Påskeførebuing, besøk av prest. Påskefrokost.

Såing av frø, ev. setje poteter.

Besøk i lammefjøs.

Besøksdag for besteforeldre; oldeforeldre.

Markering av barnehagedagen.

Mai: Vårfest - Barnehagetog i Eid sentrum.

Hesteshow på Hestesenteret.

Juni-juli: Dugnad i barnehagen?

Avslutningstur for dei eldste i barnehagen.

Fjelldag.

Sommaraktivitetar

August og september:

Tilvenningstid for barn og vaksne, bli kjende, lære namn og rutinar i barnehagen.

Innhausting frå grønsaksåkeren vår.

Utover hausten lagar vi klubb, potetkake eller grønsaksuppe.

Sethaug-tur for dei eldste.

Oktober og november:

17. oktober markerer vi den internasjonale epledagen.

Besøk av barn som har gått her i fjor, og som no går i 1. klasse.

Undervisningsopplegg frå Forut annankvart år. (2011)

Desember og førjulstid:

Lefsebaking, juletretenning ute, julebakst og juleverkstad, luciafeiring og grautfest.

Vi har også dagleg adventstund på avdelingane, med tenning av lys og adventskalender.

Det kristne innhaldet i jula vert formidla generelt som ein del av vår norske tradisjon. Dette gjennom historier i barnebøker, tradisjonelle julesongar og julekrybbefigurer.

Barnehagen er med på førjulgudstjeneste i Stårheim kyrkje i lag med Stårheim skule.





Satsingsområder for året 2010-2011

Før jul: Tal, rom og form.

Tal, rom og form er eit av fagområda i rammeplanen (kap3.7). Dette vert óg kalla MATEMATIKK i barnehagen. Vi skal jobbe med geometriske former, måling, størrelsar, samanlikning og rom. Vi skal jobbe gjennom leik, spel, kvardagsaktivitetetar og fysisk aktivitet.

I rammeplanen, står det m. a at barnehagen skal bidra til at barna:

- Opplever glede over å utforske, erfare og leike med tal og former og mønster.
- Tileignar seg gode omgrep som er greie å bruke.
- Erfarar ulike typar storleikar og mål gjennom å sortere og samanlikne.
- Ved å erfare plassering og orientering, og slik utviklar lokaliseringsevne.

Personalet skal mellom anna, (Rammeplanen 3.7):

- Vere lyttande og merksame i forhold til matematikken barnet uttrykkjer gjennom leik, samtalar og kvardagsaktivitetar. Vere støttande i barnet si matematiske utvikling.
- Vere bevisste på sin eigen omgrepsbruk om matematiske fenomen.
- Resonnere og undre seg saman med barna om likskapar, ulikskapar, storleikar og tal og stimulere evna til å bruke språket som reiskap for logisk tenking.
- Gi barna impulsar og erfaring med design ved å utforske, oppdage og skape ulike former og mønster.

- Sørgje for at barna har tilgang til og tek i bruk ulike typar spel, teknologi, teljemateriell, klossar, leikar og formingsmaterieill, og tilby materieill som gir barna erfaring med klassifisering, ordning, sortering og samanlikning.
- Leggje til rette for at barn i leik og kvardagsaktivitetar får erfaringar og stimulere barna til å fundere rundt avstandar, vekt, volum og tid.

Etter jul: "Guteleik" - "Jenteleik". Kva so?

Bakgrunnen for dette valet, er m.a det som står i verdi-grunnlaget til barnehagen i Barnehagelova og Rammeplanen. På side 10, kap 1.3 står det at:

"Barnehagepedagogikken skal vitne om likestilling mellom kjønna. Barnehagen skal oppdra barn til å møte og skape eit likestilt samfunn. Barnehagen skal bygge verksemda si på likestilling mellom dei to kjønna. Både gutar og jenter skal bli sedde og høyrde, og dei skal bli oppmuntra til fellesskap å delta i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar og kva samfunnet ventar av gutar og jenter."

Også under fagområdet 3.6, Nærmiljø og samfunn står det at barna skal få erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Personalet skal arbeide med likestilling mellom gutar og jenter og sørgje for at begge kjønna får varierte utfordringar og like mykje merksemd.

(Satsingsområder frå hausten 2011 til hausten 2013 vil bli delt ut som eigne vedlegg).



Barna skal få erfaring med emne frå sju fagområde:

- Kropp, rørse og helse
- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kunst, kultur og kreativitet
- Etikk, miljø og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form
- Natur, miljø og teknikk

I barnehagen vert alle fagområda "fletta" inn i daglege rutinar og aktivitetar. Det er mange krav under det enskildde fagområda, og vi må tenke i eit perspektiv over fleire år der vi utvidar barna sin horisont i takt med stigande alder og modning. Vi jobbar frå det nære og mot det ukjente. Fagområda vert såleis tilpassa barna sin alder, interesser og barnegruppa.

Målsetjingar for fagområda er prosessorientert, dvs at dei skal gje barna opplevingar og erfaringar.

Aktivitetane til dei minste vil oftast ha utgangspunkt i det nære og kjente på barnehageområdet og turar i nærområdet. Dei er med i alle aktivitetar i barnehagen når vi ser at dei har interesse og er modne for det. Dei er ikkje med på alle turar og aktivitetar utanfor barnehagen sitt område. Barna må vere så store at dei forstår kva det inneber, eller at det er noko som kan gje dei ei god oppleving.

Aktivitetar for dei største. Dei eldste er med på fleire av turane ut av barnehagen, til Stårheim sentrum og til nokre arrangement på Eid. Dei er også meir aktivt med i ulike aktivitetar i barnehagen; turar til gapahuken, formingsaktivitetar, musikk og drama.



VURDERING

Satsingsområda, visjonen vår og resten av årsplanen vil vi vurdere undervegs på avdelings- og personalmøter og planleggingsdagar. Barna sine synspunkt på det som skjer i barnehagen er også med i vurdering av innhaldet i barnehagen, likeeins er tilbakemeldingar frå foreldra viktige.



Samarbeid med skulen

Barnehagen samarbeider med mottaksskulane til "Skulestartarane". Ofte har vi barn frå fleire skulekrinsar; Stårheim, Haugen og Kjølsdalen skule.

Foreldre som har barn som skal til på skulen får utdelt eit løyveskjema, der dei må gje skriftleg tilbakemelding om barnehagen har lov til å gje opplysningar til mottaksskulen.

Etter avtale med kvar einsklidte skule, besøker vi skulane framover våren. Vi er med i vanlege skuletimar, er i lag med elevar i friminutt og gymsal. Målet er at overgangen frå barnehagen til skulen skal bli ei positiv oppleving for barnet. Før barnet skal ta til i skulen, vil vi ha ein dialog med foreldra, både til dagleg og i foreldresamtalar, der vi kan ta opp om det er noko ditt barn treng spesielt å øve på før skulestart

Foreldresamarbeid

Den daglege kontakten er viktig for samarbeidet mellom heim og barnehage. Her kan det utvekslast viktig informasjon som gjeld barnet. Men dette er ofte situasjonar der det er mange foreldre og barn som møtes på same tid, og det er såleis ikkje alle saker som er passande å snakke om der. Vi ønskjer derfor å ha ei årleg, avtalt samtale med alle foreldre der vi kan snakke om barnets trivsel i barnehagen. For "nye" barn/foreldre vil barnehagen avtale samtale før jul, og for "gamle" barn/foreldre vert denne samtalen etter jul.

Dersom foreldre har behov for fleire samtalar, så ta for all del kontakt med oss i barnehagen, så finn vi i fellesskap tid som passar!

Fokusområde

Hausten 2009 og våren 2010 var alle barnehagane i Eid med på eit utviklingsprogram som heiter "LEIING og kvalitet i barnehagen". Vi lærte strategiar for bevisstgjerung av heile personalgruppa og systematiske metodar for å kvalitetssikre barnehagearbeidet. Nokre omgrep her er standard (= mål) og beste praksis (= arbeidsmetode/tiltak). Kort sagt, så inneber dette at vi i ein avgrensa periode set fokus på EIT utvalt tema. Dette temaet vert likt for alle barnehagane i kommunen og det vert eit samarbeid mellom fleire barnehagar. Ved at alle barnehagane er med på å jobbe slik, vil dette heve kvaliteten i barnehagesektoren i Eid kommune.

Planen er at dette kvalitetsarbeidet skal rulle vidare gjennom fleire år, der vi fortløpande vel oss ut områder vi set fokus på. Kvar vi er i denne prosessen vil det bli informert om på infoskriv og på barnehagen si heimeside.